



Kvassnesvegen 33 AS  
Kvassnesvegen 33  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/909 - 19/15264

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
20.05.2019

## Innkalling til tilsyn oljeutskiljar - GBNR 188/384 - Kvassnesvegen 33, Gjervik Ytre

Teknisk drift viser til vårt brev av 18.03.2019 der vi etterlyser årsrapport oljeutskiljar for driftsår 2018 (jf. krav i løyve til å ha anlegg kopla på kommunalt avløpsnett). Kvassnesvegen 33 AS har tidlegare ikkje levert inn årsrapport. Kommunen har etterlyst dette tidlegare.

Teknisk drift har registrert at det ved Kvassnesvegen 33 er etablert bilpleiefirma som, blant anna, tilbyr klargjering, vedlikehald og renovering av kjøretøy. Vi gjer merksam på at det er krav om oljeutskiljar for denne typen verksemd. Kvassnesvegen 33 AS skulle ha søkt Teknisk drift om endring av utsleppsløyve til kommunalt avløpsnett før opning av Knarvik bilpleie. Vi kan ikkje sjå å ha motteke slik søknad.

Utsleppsløyve gis til den enkelte verksemd ut i frå innsendt søknad med berekningsgrunnlag. Dersom ein får endringar i drift (som til dømes auke i utslepp av oljehaldig avløpsvatn, eigarskifte, ny leigetakar eller anna type drift i lokala) skal utskiljaranlegg opp ny vurdering hos kommunen. Krav om ny vurdering av anlegg er satt for å sikre at anlegg har rett dimensjon slik at unngår at olje vert ført på avløpsnettet og til pumpe-/reinsesstasjonar. Olje i avløpsnettet påfører kommunen store drifts- og vedlikehaldskostnader. Dette er kostnader som kommunen må få dekket inn. Kommunen kan difor illegge den ansvarlege for utsleppet eit tilleggsgebyr som utgjer 50 % av avløpsgebyret. Tilleggsgebyr vert fakturert kvartalsvis og vil løpe til forhold er retta opp.

### Innkalling til tilsyn:

Teknisk drift viser til brev av 18.03.2019 der vi har førehandsvarsla tilsyn. Kvassnesvegen 33 AS vert med dette brev kalla inn til tilsyn:

**Fredag 07.06.2019 kl. 09.30 på Rådhuset i Knarvik.**

Vi ber Dykk sende inn dokumentasjon på utført tømning og analyseprøver av utsleppsvatn for 2017 og 2018, samt dokumentasjon på anlegget sin størrelse og kva som er ført på anlegg (utvendig/innvendig sluker, høgtrykkspylere, tappekraner, utvendig og innvendig spyle-/vaskeplasser, eventuelt anna utstyr som nyttast, samt utrekning av uteareal som har tilrenning av overvatn til anlegget. Teknisk drift ber om at dette vert sendt inn i forkant av møtet.



Ved spørsmål vedrørende innkallinga, ta kontakt med Linda Folkestad på telefon 56 37 51 70 eller per e-post: [linda.folkestad@lindas.kommune.no](mailto:linda.folkestad@lindas.kommune.no)

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kvassnesvegen 33 AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ